Statens vegvesen

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Behandlande eining:	Sakshandsamar/telefon:	Vår referanse:	Dykkar referanse:	Vår dato:
Region vest	Eli Marita Vik Næss / 57655744	17/228228-2		02.01.2018

IKKJE OFFENTLEG, offentleglova § 23, 3. ledd

Driftskontraktar med planlagt oppstart i 2018

Statens vegvesen vil med dette orientere om korleis vi jobbar med fleirårige drifts- og fagkontraktar med oppstart i 2018 som inneheld både riks- og fylkesvegar.

Som kjent skal deler av sams vegadministrasjon 1. januar 2020 underleggjast dei nye regionane. I det pågåande arbeider med å avklare konsekvensane av regionsreforma er det avklart at det ikkje vil bli overgangsordningar eller overgangsperiodar. Dette får konsekvensar for alle pågåande og komande driftskontraktar. Vi treng difor tid til å vurdere naudsynte tilpassingar av kontraktsmalar for komande kontraktar, og konsekvensar for pågåande kontraktar.

Dei aktuelle tiltaka er:

1. Opsjonsinnløysing – tiltaket inneber å løyse inn opsjon på igangverande kontraktar, og utsetje utlysing av ny kontrakt. Dette gir oss tid slik at grunnlag for ny kontraktsstrategi kan leggjast
2. Innarbeide delingsreglar – dvs. at kontraktar vert klargjorte for ei mogeleg deling mellom fylkesvegar og riksvegar ved å innarbeide nye kontraktsvilkår før utlysing
3. Ta ut riksvegar og lyse ut som reine fylkesvegkontraktar – går ut på å omarbeide kontraktar til ei rein riksveg- eller fylkeskontrakt ved å flytte deler av vegnettet til ei anna kontrakt
4. Lyse ut kontraktar med kortare varigheit

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00

firmapost-vest@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

I Sogn og Fjordane har vi følgjande kontraktar med oppstart i 2018:

1203 Nordhordland – Driftskontrakt
1403 Nordfjord – Driftskontakt
1404 Ytre Sunnfjord – Driftskontrakt
E1455 Fjordane – Elektrokontrakt
1451 Ferjekai Sogn og Fjordane – Ferjekaikontrakt

1203 Nordhordland – Driftskontrakt
Kontrakten inneheld både riks- og fylkesvegar der fylkesdel utgjer 74 % av vegnettet. Kontrakten inneheld fylkesvegar i Hordaland og Sogn og Fjordane. Desse fylka er planlagt skal slå seg saman frå 1.1.2020. Kontakten er ikkje lyst ut. Her er det mogeleg med eitt års opsjon. Vi foreslår innløysing av opsjon for denne kontakten.

1403 Nordfjord – Driftskontrakt
Kontrakten inneheld både riks- og fylkesvegar der fylkesdel utgjer 59 % av vegnettet. Kontrakten inneheld vegar i både Sogn og Fjordane og nabofylka. Her er det mogeleg med eitt års opsjon. Vi foreslår innløysing av opsjon for denne kontrakten.

1404 Ytre Sunnfjord – Driftskontrakt
Kontrakten inneheld berre ein liten del riksvegar, 14%. Her er det mogeleg med eitt års opsjon. Vi foreslår innløysing av opsjon for denne kontrakten.

E1455 Fjordane – elektrokontrakt
Anskaffinga er gjennomført, men det er fremma midlertidig forføyning. Saka er til juridisk vurdering.

1451 Ferjekai Sogn og Fjordane – ferjekaikontrakt
Denne kontrakten er lyst ut, men kontraktsperioden er redusert til 31.12.2019 med opsjon 15 månader og med ytterlegare to år (1+1 år).

Vi vil orientere nærare når endeleg kontraktsstrategi for dei ulike kontaktane er bestemt.

Vegavdeling Sogn og Fjordane
Med helsing

Svenn Egil Finden
avdelingsdirektør

Eli Marita Vik Næss

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.